



## Framstilling med forbøn

- 1 Når ein som vert tilsett, får kyrkjeleg tenestebrev og ikkje er vigsla, skal han framstillast for kyrkjelyden. Det same gjeld alle som vert valde til kyrkjelege råd og ombod i lokalkyrkjelyden.  
  
Personar med andre tenester kan framstillast etter avtale med soknepresten.
- 2 Presten i kyrkjelyden eller leiaren i soknerådet leier til vanleg framstillinga ved ei høgmesse i den kyrkja som er mest lagleg ved dette høvet.
- 3 Etter kunngjeringane går den som skal framstillast, fram til lesepulten, og tilsetjing, stilling, val eller særskild teneste vert kunngjort.
- 4 Har vedkomande ikkje fått kyrkjeleg tenestebrev, bør den som vert framstilt, og presten/leiaren i soknerådet på førehand verta samde om ordlyden i det som skal lesast opp.
- 5 Forbøna vert lagd til lesepulten eller altaret, som ei eiga bøn eller som eit tillegg på ein høveleg stad i ei av dei vanlege forbønene i høgmissa.
- 6 Medan kyrkjelyden bed, kan den som vert framstilt, anten stå i koret eller sitja på plassen sin eller knela på altarringen.